

KOMMISJONSAVGJERD

2022/EØS/40/43

av 15. mars 2013

om endring av vedtak 2007/506/EF og 2007/742/EF med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til visse produkt, skal gjelde for*[meld under nummeret K(2013) 1411]*

(2013/135/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 3 bokstav c),

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsvedtak 2007/506/EF av 21. juni 2007 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til såpe, sjampo og hårbalsam⁽²⁾ går ut 31. mars 2013.
- 2) Kommisjonsvedtak 2007/742/EF av 9. november 2007 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til elektriske, gassdrivne eller gassabsorpsjonsdrivne vamepumper⁽³⁾ går ut 31. mars 2013.
- 3) Det er gjort ei vurdering av relevansen og nytten til dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i desse vedtaka. Ettersom revisjonen av desse vedtaka er på ulike stadium, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, lengjast. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2007/506/EF og 2007/742/EF, skal gjelde for, bør lengjast til 31. desember 2013.
- 4) Vedtak 2007/506/EF og 2007/742/EF bør difor endrast.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedtak 2007/506/EF skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteriene for produktgruppen «såpe, sjampo og hårbalsam» og de tilhørende kravene til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. mars 2013.»

Artikkel 2

I vedtak 2007/742/EF skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteria for produktgruppa «elektriske, gassdrivne eller gassabsorpsjonsdrivne varmpumper» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2013.»

Artikkel 3

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 15. mars 2013.

For Kommisjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 75 av 19.3.2013, s. 34, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 30/2014 av 14. februar 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 17.7.2014, s. 37.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 186 av 18.7.2007, s. 36.

⁽³⁾ TEU L 301 av 20.11.2007, s. 14.